



Notat

Dato: 12.09.2014
Arkivsak: 2014/19794-2
Saksbehandlar: bjomidt

Til:	Samferdselsutvalet Fylkesutvalet
Fra:	Fylkesrådmannen

SAMU - sak PS 83/2014 "Takstsøknad Askøy pakken - uttale"- nye opplysningar.**Bakgrunn**

Formannskapet i Askøy gjorde 9.9.2014 slikt vedtak i sak PS109/14 «Høring på takstsøknad til Askøypakken»:

«*Formannskapet anbefaler ikke takstøkning, men at opprinnelig beløp blir opprettholdt. Askøy kommune ber Askøy bompengeselskap arbeide aktivt for å finne en løsning, slik at de med nedsatt funksjonsevne og som av den grunn må benytte bil, slipper å betale bompenger. Jmf. bompengeringen i Bergen.»*

Fylkesrådmannen sine merknader

Fylkesrådmannen har i sak PS 83/2014 punkt 1. innstilt på at fylkesutvalet sluttar seg til takstsøknaden frå Askøy Bompengeselskap AS, under føresetnad om at Askøy kommune sluttar seg til takstsøknaden. Denne føresetnaden er ikkje gjeldande lenger, då formannskapet i Askøy kommune «anbefaler ikke takstøkning, men at opprinnelig beløp blir opprettholdt». «Opprinnelig beløp» er gjeve i bompengesøknaden og i St.prp 197 S (2012-2013):

«*Takstane er 22,50 kr for lette kjøretøy (tillat totalvekt t.o.m. 3 500 kg) og 45 kr for tunge kjøretøy (tillat totalvekt over 3 500 kg). Det er rekna med at gjennomsnittleg inntekt på 12,70 kr (rekna av alle passerin-gar i innkrevjingsretninga). Takstane er i 2012- prisnivå.»*

I St.prp 197 S (2012-2013) står det at vidare at:

«*Det er føresett at takstane blir justerte i samsvar med prisutviklinga og at takst- og rabattsystemet er i tråd med gjeldande retningslinjer.»*

I bompengepakkar er det vanleg praksis å leggja konsumprisindeksen til grunn ved prisregulering av takstane både før og etter at innkrevinga startar opp. I bompengeprosjekt er det vanleg praksis å leggja byggjekostnadsindeksen til grunn før innkrevinga startar og konsumprisindeksen til grunn seinare.

Det er mogleg at takstane i Askøypakken må oppjusterast om nokre år, avhengig av inntekt- og kostnadsutviklinga for bompengepakkene, om dei planlagde prosjekta i pakken skal realiserast. Men Askøypakken er omfatta av den nye overgangsordninga for rentekompensasjonsordninga for bompengelån (jfr. Prop. 119 S (2013–2014)), noko som vil kunna nyttast til å halda takstane lågare enn dei elles ville ha

vore. Fylkesrådmannen meiner at det er viktig med lokalpolitisk oppslutnad om takstane. Fylkesrådmannen rår derfor til at innstillingspunkt 1 i sak PS/83 vert erstatta med eit punkt der ein rår til at takstane ikkje vert auka, men at ein held på dei opphavlege takstane frå bompengesøknaden og St.prp 197 S (2012-2013).

Ny innstilling frå fylkesrådmannen:

1. Fylkesutvalet rår ikkje til at takstane vert auka, men at ein held på dei opphavlege takstane frå bompengesøknaden og St.prp 197 S (2012-2013).
2. Fylkesutvalet legg til grunn at rørslehemma får fritak for betaling i Askøyrapakken.